



Til sensorar i norsk, engelsk og matematikk

## Innkalling til sensorskulering i Molde, 5. juni 2019

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, kallar med dette inn til sensorskulering på Scandic Hotel Alexandra i Molde 5. juni 2019. Målgruppa for skuleringa er oppnemnde sensorar ved sentralt gitt eksamen i grunnskulen 2019.

Utdanningsdirektoratet og oppmannsgruppa står for den faglege gjennomføringa og det blir parallelle kurs i faga matematikk, norsk og engelsk.

**Stad:** Scandic Hotel Alexandra i Molde

**Tid:** 5. juni 2019, 10.00 – 16.00 (registrering frå 09.30)

**Målgruppe:** Oppnemnde sensorar til sentralt gitt eksamen i engelsk, norsk og matematikk

**Tema:** Eksamen og prinsipp for sluttvurdering, vurdering i faga og drøfting av årets elevsvar

### Fagansvarlege:

Norsk: Ragnhild Rodal Mogen og Stine Berg (fagnemnd)

Engelsk: Mary-Ann Ronæs (fagansvarleg) og Hilde-Merethe Ivarhus (fagnemnd)

Matematikk: Birger Laugsand (fagnemnd)

**Lenke til obligatorisk, elektronisk påmelding:** <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/2019/06/sensorskulering-5.-juni-2019/>

### Påmeldingsfrist 3. mai 2019

**Program:** Kjem

**Økonomi:** Kurs og opphald er gratis. Skulen/kommunen må dekkje vikarutgifter og reise.

**Overnatting:** Dersom du har meir enn 2,5 t reiseveg til Molde, kan du få overnatting frå 4. juni (middag ikkje inkludert).

Vi ber om at du informerer rektor/leiinga på skulen om innhaldet i dette brevet. Sjølv om denne skuleringa er frivillig er den ein føresetnad for ein mest mogleg rettferdig og lik sensur. Vi ønskjer derfor at alle sensorane deltek, og håpar at skulane ser på dette som ei god etterutdanning i vurdering for sine lærarar.



### **Om arbeidet til sensor**

Som sensor pliktar du å halde deg orientert om og å følgje dei retningslinjene og reglar for sensur som til ei kvar tid blir gitt av Utdanningsdirektoratet. Vi ber om at alle sensorar går inn på Utdanningsdirektoratets si side om sensur: <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/sensurere-eksamen/> og blir kjent med innhaldet og retningslinjene.

### **Personvern**

Tidlegare har vi med innkallinga sendt ut ein oversikt over sensorar; med namn, telefonnummer, post- og e-post adresse, samt namn på skulen du høyrer til. På grunn av GDPR kan vi ikkje sende ut slike lister utan samtykke frå kvar enkelt sensor. I årets påmelding til sensurskuleringa vil de derfor få eit spørsmål om samtykke for at Fylkesmannen skal kunne bruke desse opplysningane i forbindelse med gjennomføringa av sensorskulering, fellessensur og anna relevant informasjon knytt til eksamensgjennomføringa for eksamen våren 2019. Om de samtykker, vil vi etter påmeldingsfristen sende ut ein oversikt over sensorane i kvart fag, slik at de kan planlegge eventuell samkøyring til sensurskoleringa og fellessensuren i Molde.

### **Anna – sensorskuleringa**

- Vi ber om at du sjekkar at du står med rett kontaktinformasjon i PAS – telefonnummer, e-post, adresse og kva skule du høyrer til. Postadressa frå PAS er svært viktig i høve mottak av eksamenssvar sendt pr. post.
- Vi ber om at du les gjennom og tek med deg [eksamensrettleiinga/vurderingsskjema](#) for 2019 i det faget du skal vere sensor i.
- Eksamensførebuande prøve i matematikk: Vi oppmodar alle skular til å gjennomføre eksamensførebuande prøve i matematikk for alle elevar på 10. trinn. Denne prøva er eit ledd i Utdanningsdirektoratet si treårige evaluering av matematikkeksamen (2017-2019). Data skal inngå i eit statistisk materiale saman med elevane sine prestasjonar på eksamen 16. mai 2019.

Alle elevar – frå dei lågast presterande til dei høgast presterande bør gjennomføre prøva - slik at ein får eit så representativt utval som mogleg. Påmelding til prøvene frå 3. april – 9. mai 2019. Prøvegjennomføringsperiode: 16. april – 9. mai 2019. Les meir her: <https://www.udir.no/kalender/Eksamen-og-prover/>

### **Spørsmål om sensorskuleringa kan rettast til:**

Spørsmål knytt til påmeldinga di rettast på e-post til [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no) eller på telefon 71 25 85 05 / 71 25 84 65.

Rådgivar Christine Nesse: [Christine.nesse@fylkesmannen.no](mailto:Christine.nesse@fylkesmannen.no) Tlf.: 71 25 85 07

Rådgivar Tone Malme: [tone.malme@fylkesmannen.no](mailto:tone.malme@fylkesmannen.no) Tlf.: 71 25 85 66

Vel møtt i Molde!

Med helsing

Tone Malme og Christine Nesse

*Dokumentet er elektronisk godkjent*